

Rubbestadneset, 17.01.2018

Hordaland fylkeskommune

Opplæringsavdelinga

Søknad om støtte til tilbod om gratis skulefrukost 2018.

Skulefrukost

Hordaland fylkeskommune si satsing på skulefrukost er prisverdig. Det er godt for elevane i fylket at den vidaregåande skulen søker å følgja opp råda frå Helsedirektoratet sine retningsliner om mat i skulen. På Rubbestadnes vgs (RUV) ønskjer vi tiltaket velkommen.

Mindre skule

RUV er ein av dei minste skulane i Hordaland fylkeskommune, og har 140 elevar dette skuleåret. Skulen sitt særpreg er at den er ein distriktsskule med «berre» yrkesfag – og vi har Maritime fag, som einaste skule med slikt tilbod i Sunnhordland. Elevmassen har overvekt av gutar, som tradisjonelt har vore dei flittigaste søkjarane til utdanningstypane vi tilbyr.

Internat og matstell

Vi har internat, og bebuarane her kjem i hovudsak frå Bergensområdet og Kvinnherad. Ungdommane frå sistenemnde kommune har brukt RUV (og internatet) flittig gjennom mange år. Dei har gjerne RUV som sitt førsteval når dei søker til Maritime fag. Elevar frå Bergensregionen har ofte Bergen maritime vgs som sitt førsteval, men kjem inn på RUV. Matstellet for internatbuane skjer naturleg nok i matsalen i Internatet. Kantinedrifta for alle elevane er også i matsalen i Internatet, og alle i skulesamfunnet kallar lokalet for «Kantina».

Lang reiseveg

Skulen tek til kl. 0800 om morgonen. Elevar frå områda sør i Bømlo, og elevar frå Stord, må starta tidleg for å nå fram til skulestart. Desse elevane har typisk ikkje ete noko når dei stiller på skulen. Også elevar som har kortare reiseveg har ofte ikkje teke inn energi før skuletid.

Samlingsstund

RUV er kjend for høg trivsel og godt miljø mellom elevane, og elevane rapporterer også om gjennomgåande godt tilhøve til dei som arbeider her. Det skal likevel ikkje stikkast under stol at mange elevar er helst tomme for energi når første time vert sett i gang om morgonen. Ein organisert skulefrukost til kunna heva skulemiljøet til eit enno høgare nivå, og vil vera ei god investering i auka arbeidsinnsats, meistring og gjennomføring. Med små justeringar i pausestrukturen vil det vera råd å setja av tid til matøkt om morgonen.

Organisering

RUV er ein skule med fleire store bygningar og bygningane ligg eit stykke frå einannan. Den beste staden å tilby skulefrukost er matsalen i internatet – Kantina. Skulefrukost vil føra til at

ein må skyva på undervisningstidene. Ein må også bestemma på kor mange av dei fem vekedagane ein skal tilby frukost. Det siste vil m.a. verta bestemt av kor mykje midlar ein kan disponera.

Skulen sine opningstider vert i stor grad bestemt gjennom samarbeidet med Skyss. Pausane i dagen – inkludert frukosten - må tilpassast dette, slik at elevane til saman får undervisningstimane sine. Detaljane må vi sjå på når vi veit om vi får midlar til tiltaket.

Budsjett

Vi søker med dette om 75.000 kr. Dette skal dekkja utgifter til mat gjennom 2018.

Rune Gåsland, rektor

Rune Indrehus, elevinspektør